Sameksistens mellom næringer

Bergen, 8. September 2011
Mona Schanche

Exploration and production of high-end minerals and metals

VOLVO
VOLVO

Lagring av overskuddsmineraler i sjødeponi



Vil bruke miljøskadeleg stoff i fjorddeponiet

■ Kjemikalie skal blandast i gruveavfallet frå Engebøfjellet

VEVRING: Nordic Mining vil bruke magnafloc, som inneheld det miljøskadelege stoffet akrylamid, i fjorddeponiet frå gruvedrifta på Engebøfjellet. Naturvernforbundet er sterkt uroa over dei nye planane.

KATRINE SELE tekst og foto

SYNFARING: Marinbiolog Per Erik Schulze (i midten) frå leiinga i Naturvernforbundet er uroa over Nordic Mining sine planar for fjorddeponi av gruveavfall. I går var han på synfaring utanfor Engebøfjellet i Førdefjorden. Her saman med Åse Marie Helgheim Thingnes og Oddvar Etnestad, begge i styret for Naturvernforbundet for Indre Sunnfjord.

Nordic Mining søkjer i desse dagar om utsleppsløyve frå Statens Forureiningstilsyn (SFT), slik at dei kan vinne ut rutil frå Engebøfjellet utanfor Vevring. I søknaden ber selskapet om å få deponere 365 millionar tonn slam i Førdefjorden.

Hittil har det berre vore snakk om å deponere reine steinmassar frå gruvedrifta. Men i utsleppssøknaden går det fram at selskapet vil blande inn ei rekkje kjemikalie for å få massane til å søkkje til botnen av fjorden.

Endra utsleppssøknad

I går var marinbiolog Per Erik Schulze frå leiinga i Naturvernforbundet på synfaring på fjorden utanfor Engebøfjellet. Han er sterkt kritisk til at Nordic Mining vil bruke magnafloc i deponiet. Stoffet inneheld meir enn 0,01 prosent akrylamid, og står difor på SFT si liste av 3000 helse- og miljøskadelege stoff.

– Akrylamid er krefthramkalande, og det er svisst om det kan brytast ned naturleg. Lekkasje av akrylamid ut i vatn var den store skandalen rundt byggingа av Romeriksporten for nokre år sidan, seier Schulze.

Nordic Mining vil deponere avfallet frå gruvedrifta to plassar: i eit gråbergsdeponi i Engabødalen, bak fjellet, og i eit fjorddeponi i sjøen rett framfor fjellet. Tidlegare var planen å føre massane til fjorddeponiet ut gjennom eit rør på fjordbotnen. Men i utsleppssøknaden har selskapet endra planane på dette punktet: No skal massane sleppast ut frå eit rør 150 meter over fjordbotnen.

Massane vil då forme eit vifteforma, undersjøisk fjell, og gli utover i mindre undersjøiske ras. For å få sand, silt og leire til å søkkje til botnen, er planen å blande inn flokuleringsmiddelet magnafloc. Dette får massane til å binde seg saman – eller flokulere seg, som det heiter på fagspråket – og dermed bli tyngre, slik at det søkkjer til botnen.

90 tonn magnafloc i året

Nordic Mining planlegg dognkontinuerleg drift på Engebø, med utslepp av avgangsmassar på om lag 9,6 millionar tonn i året.

– Dette svarar til om lag to lastebilllass i minuttet, eller 90-100 Oslo Plaza i året, seier Oddvar Etnestad, styreleiar for Naturvernforbundet i Indre Sunnfjord.

Utsleppet av magnafloc i fjorden vil komme på inntil 90 tonn per år. Parallelt med utsleppssøknaden, har Nordic Mining bestilt ei konsekvensutgreiing for å kartleggje miljøkonsekvensane av gruvedrifta.

Fagfolka som jobbar med utgreiinga er blant dei fremste i landet, mellom anna frå Norsk institutt for vassforsking (NIVA). Schulze er likevel usikker på om utgreiinga vil vere grundig nok.

– Vår erfaring med slike utgreiingar, bestilt frå industriell oppdragsgjevar, er at dei mest kritiske punkta ofte ikkje blir vurderte. I dette tilfellet er effekten av kjemikaliane hittil langt ifrå godt nok undersokt, meiner Schulze.

Han sit sjølv som ekspert i SFTs konsultasjonsgruppe for sediment, og var rett for jul med på eit møte der mellom anna NIVA orienterte om gruveplanane på Engebøfjellet. Her gjekk det fram at instituttet ikkje hadde vurdert effekten av kjemikalieutsleppa – dei hadde berre sett på effekten av sjølve steindeponiet.

– Fritt fram på sjøbotnen

Schulze finn det dessutan kritikkverdig at utsleppssøknaden kjem før konsekvensutgreiinga er klar. Fjorddeponiet skal etter planen dekkje fire kvadratkilometer av fjordbotnen.

– Men selskapet har søkt om utsleppsløyve for eit areal som strekk seg heilt frå Ålesundet til Flokeneset, så det kan tyde på at dei ventar at massane skal spreie seg over eit vidt areal, seier Åse Marie Helgheim Thingnes frå Vevring, styremedlem i Naturvernforbundet for Indre Sunnfjord.

Effektane av vanskeleg nedbrytbare miljøgifter når dei blir teke opp av næringskjeda, er også svisse. Schulze fryktar at miljøskadane kan bli store og varige.

– Om ein skal deponere avfall på land, kostar det pengar. Men under sjøen er det fritt fram, seier Schulze.

– Sjøbotnen høyrer til allmenta. Men her får selskapet årevis med dod fjord, heilt gratis. Kanskje burde vi setje ein pris på desse øydeleggingane, som utsleppar måtte betale til kommunen. Då hadde utvinninga kanskje ikkje lønt seg i det heile, meiner marinbiologen.

katrine.sele@firda.no

KJEMPEDEPONI: Flere hundre milliioner tonn sand og støv skal sprenges ut fra Engebøfjellet og legges i et tre kvadratkilometer stort d
i Førdefjorden - sammen med kjemikalier for å holde massene nede. Foto: Øistein Monsen.

Vil dumpe giftstoff i Førdefjorden

Kan påvirke fisk og sjødyr, mener professor, som tar NIVA på faktafeil.

Sitat fra HI's høringsuttalelse :

"Magnafloc brukes i mange sammenhenger, blant annet til jordforbedringsmiddel og til vannrensing. Miljøkonsekvensene er godt utredet, og man har ikke funnet negative miljøkonsekvenser".

Sammen er vi sterkere!